



Terje Sigurd Eknes  
Burumveien 6  
1430 ÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/676 - 19/9933

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2019

## Førebels vurdering for søknad om frådelling - gbnr 239/6 Eknes ytre


Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad og saka har saksnummer 19/676. Søknaden gjeld frådelling av ca. 20 mål til bustad. Eigedomen er i dag bygd med ein driftsbygning. Det er eit freda kulturminne (Eiknes – Fetts fk.2/1-2) på eigedomen.

### Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2011-2023 er satt av til LNF spreidt med 0 einingar for Eknes i perioden (lyse grøn farge) samt ein mindre del av eigedomen er satt av til næringføremål (lilla farge).

Kartutsnitt KPA





Søknaden er ikkje i samsvar med overordna kommuneplan. Søknaden krev dispensasjon frå

1. LNF spreidt 0 einingar for Eknes i perioden (tal bustader)
2. Næringsføremålet for den mindre del av eigedomen som er satt av til næring.
3. Pbl. § 1-8 då det regulerte næringsområdet ikkje er vist med byggegrense mot sjø.

På gardsnummer gbnr 239/8 – sak 17/2951- har Settesfylkesmannen i vedtak av 12.12.2018 gjeve endeleg avslag på frådelling av to bustadtomter på ca. 1 mål kvar i området LNF spreidt med 0 einingar for Eknes. Settesfylkesmannen gjev ein grundig vurdering av kvifor frådelling ikkje vert gjeve. I dykkar søknad er det søkt om eit vesentleg større areal på 20 mål.

Administrasjonen er i lys av saka på gbnr 239/8 og med tal dispensasjonar som er naudsynt, ikkje positivt til å frådele 20 mål til bustadføremål. Å regulere eigedomen, som vil vere i strid med overordna kommuneplan, vert vanskeleg å gjennomføre. I tillegg må veg-vatn og avløp vere løyst og det er eit kulturminne på dykkar eigedom som må avklarast med overordna mynde.

I innspel til ny kommuneplan, er det spelt inn gbnr 239/3 og gbnr 238/4 som bustadføremål. Dette er med i prosessen vidare pr. dags dato. På dykkar eigedom – gbnr 239/6 er ikkje spelt inn endra arealføremål til bustadføremål.

Vi vil råde dykk til å avvente til rulleringen av kommuneplanen er ferdigstilt, truleg ila. året. Når den nye kommuneplanen trår i kraft, vil eigedomen sin planstatus vera avklart og vi vil då vite om det vert opna for fleire bustadar innanfor dette området.

På denne bakgrunn vil vi råde dykk til å trekke søknaden slik den ligg føre. Dersom de vil oppretthalde søknaden, gjer vi dykk merksam på at de får eit gebyr pr. dispensasjon (kr 10.000,- pr. stk.) og i tillegg kjem sjølve frådelingsgebyret på kr 7.500,-. Trekking av sak vil føre til eit gebyr på kr 1.650,-.

**Frist for tilbakemelding vert sett til 15.04.2019.**

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klageavgjerd - gbnr 239/8 Eknes ytre

**Kopi til:**

Marita Eknes Hjelmeland	Vestlivegen 28	3580	GEILO
Per Rune Eknes	Solstadveien 2	1396	BILLINGSTAD
Terje Sigurd Eknes	Burumveien 6	1430	ÅS

**Mottakarar:**

Terje Sigurd Eknes	Burumveien 6	1430	ÅS
--------------------	--------------	------	----